



Kvinnherad kommune
Helse og rehabilitering
Miljøretta helsevern

Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL
Tel: 53483100
Fax: 53483130
Org. nr: 964 967 636
Bankgiro: 3460.07.00083
post@kvinnherad.kommune.no
www.kvinnherad.kommune.no

Wiberg AS
v/ Gunnar K Rosendahl
Postboks 1783
5816 BERGEN

Saksbehandlar
Knut Evjen

Tlf. direkte innval
53483236

Vår ref.
2007/1179-19

Dykkar ref.

Dato
22.03.2011

Planuttale til Rosendal ungdomsskule i forhold til Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.

Miljøretta helsevern viser til mottekne teikningar og planskildring av ny Rosendal ungdomsskule den 03.03.11 frå Bjørn Vaage verksemd Tekniske tenester, Kvinnherad kommune.

Vurdering

Kommuneoverlegen er delegert tilsyns- og godkjenningsmyndigheit etter "Lov om helsetjenesten i kommunene " og "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.". Formålet med forskrifta er å bidra til at miljøet i blant anna skular fremjar helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold, samt førebygge sjukdom og skade.

Vi er svært positive til ein slik gjennomgang tidleg i planprosessen.

For detaljert informasjon om forskrifta sine krav syner ein til rettleiar til Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler mv., 3-98, som ein kan finne på følgjande internettadresse:

http://www.shdir.no/vp/multimedia/archive/00001/IS-2619_1459a.pdf

Vi anbefaler også Rapport IS-1130 vedrørende skolens utearealer

http://www.shdir.no/vp/multimedia/archive/00000/IS-1130_959a.pdf

Uteareal

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. stiller krav til brukande uteareal i tilknytning til skulen. Dette arealet skal bl.a. vere med på å stimulere til fysisk aktivitet som igjen fremjar helse og trivsel, jf. forskrifta sin formålsparagraf. Vidare står det at lokala og uteområdet skal vere utforma slik at forskrifta sitt formål blir ivaretatt. Uteområda i skulane bør utformast slik at dei gir gode moglegheiter for sosial kontakt og rekreasjon til alle årstider og i alle typar vær. Det bør vere overbygde plassar der ein kan opphalde seg utan å bli våt når det regnar eller snør.

Vi vil spesielt vise til § 9: Utforming og innreiing. Forskrifta set funksjonskrav til bl.a. inneklima og reinhald. Krava til tilgjengelegheit inneber god tilkomst utanfrå, gode interne samband og god framkomst for funksjonshemma. Når det gjeld tilrettelegging for funksjonshemma, vert det også vist til krav i plan- og bygningslova.

Vi understrekar at rein byggeprosess er svært viktig.

Miljøretta helsevern har gjennomgått planteikningane, og har følgjande merknader/innspeil i samsvar med forskrifta:

1. Ulykkesførebyggjande tiltak

- Eventuelle panelomnar skal ha ein maks overflatetemperatur på 60 °C.
- Trapper, rekkverk, trappeoppogonger må utformast slik at ulykker vert førebyggde.
- Spesialrom/naturfragrom må vera tilrettelagt med tilfredsstillande ventilasjon, avtrekk og utstyr for augeskylling. Det skal i tillegg vere naudduj i undervisningsrommet. Kjemikalier må kunne lagrast trygt.
- Det må leggjast til rette med gode og trafikksikre tilkomstforhold med omsyn til at mange av elevane kjem gåande/syklende frå nærområdet. Tilkomstvegar og parkeringsplass må vere godt opplyst.
- Ein føresett at trafikktryggleiken er teken omsyn til (vare-/ servicetrafikk i skulegarden osv).
- Bygg og område skal ikkje takast i bruk før tiltak er ferdigstilt.

2. Reinhald

- Inngangspartia bør utformast slik at minst mogleg støv, skitt, søle og snø blir dratt inn i bygningen. Området framfor inngangspartiet bør vere asfaltert, steinlagt eller bygd med terrasse. Framfor inngangen bør det vere fotskraperist med ein storleik som tilsvarar døra si breidde og 2 meter lang. Rista bør ha skrapefunksjon i begge retningar og det må kunne gjerast reint under den. På innsida av inngangsdøra bør det vere absorpsjonsmattar/opsamlingsmattar som må bli skifta ut/-reingjort med jamne mellomrom.
- Føremålstenleg garderobeløysing og moglegheiter for bruk av innesko.
- Toalettromma bør ha ei gunstig plassering i forhold til ute- og inneareala slik at ein unngår å trekke unødig mykje skitt og fuktigheit inn i bygget.
- Ved nyanlegg bør WC bli veggmontert for å sikra fri tilgang for golvreingjering.
- I planleggingsprosessen bør ein i størst mogleg grad unngå høgtliggjande horisontale flater som lett dannar støvdeponi. Lampar/lysarmatur bør festast i tak, skap bør gå til tak eller avsluttast med skråkant øvst. Ein bør unngå opne hyller, frittliggjande taksperre og vindauge høgt oppe på vegg der dagleg reinhald er vanskeleg tilgjengeleg. Behovet for lagerplass til utstyr som er i dagleg bruk bør dekkast av skap som ein kan lukka eller på eigna lager i nærleiken.
- Ventilasjonskanalar bør ikkje ligge opne fordi dei samlar mykje støv og er vanskelege å reingjere.
- Det skal ikkje vere lause mineralullfiber i skulen.

- Innvendige tak, vegg og golv må ha ei overflate som er lett å reingjere. Erfaring viser at trepanel på toalett og golvlist ved toalett kan gje luktproblem på grunn av vanskeleg reinhald.
- Vi har registrert at enkle gipsplater i gang /garderobe har lett for å knekke og at desse bør forsterkast slik at dei tåler hardare bruk.
- Når det vert utarbeidd ein reinhaldsplan, er det viktig at den og omfattar uteområdet i skulen. I tillegg bør ein skildra kva dei tilsette på skulen skal gjera slik at reinhaldar kjem lett til og får gjort reint overalt. Reinhald og vedlikehald av tekniske installasjonar, som for eksempel ventilasjonsanlegget, bør også inngå i denne planen.

3. Inneklima og helseførebyggjande tiltak

- Det kan vere nødvendig med spesielle støyreducerande tiltak i fellesareal som er berekna til servering/vrimleareal.
- Ved nybygg må det utførast førebyggjande tiltak mot radon. Når skulen er ferdig bygd, må det gjennomførast radonmåling med sporfilm i elevane sitt opphaldsareal. Dersom radonnivået er over tiltaksgrensa på 100 Bq/m^3 , må det bli gjort tiltak slik at nivået kjem under tiltaksgrensa.

Sjå også rettleiar til Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10) § 13-5. Radon.

- Solavskjerming bør vera på plass der det er nødvendig for å hindra sjenerande solinnstråling, jf § 9 Utforming og innredning.
- Dersom lagerrom skal bli tatt i bruk til opphaldsrom må desse ha tilfredsstillande belysning og ventilasjon.

4. Utforming og innreiing

- Det må finnast tilfredsstillande moglegheiter for oppbevaring av ytterklede utanfor undervisningsromma. Ein tilrår låsbare garderobeskap. Våte ytterkle forringar inneklimaet, jf. §19 Inneklima/luftkvalitet.
- HC-stellerom må kunne innreist med dusj, personløftar, stellebord (hev- og senkbart) og vaskekum.
- Det er rektor sitt ansvar å sjå etter at talet på elevar i romma er i samsvar med arealnorma på minimum 2–2,5 m² per elev. Det må her takast omsyn til rommet si utforming, rominnhald og ventilasjonsforhold. Når forholda skal leggjast til rette for varierte arbeidsformer og spesielt utstyr, bør arealet vera større. Areal for dei tilsette i tillegg til dette arealet. I tillegg bør klasseromma vere utforma med ein avstand mellom elevane sine bord og varmekjelder, samt ventilasjonsopning og vindauga på minimum 80 cm.
- Rom for lagring av hjelpemiddel. Plasskrevjande hjelpemiddel som personheis eller rullestol etc. treng lagerplass for opplading.

Universell utforming

Skoler og undervisningsbygg må være tilrettelagt for et stort spekter av aktiviteter, noe som forutsetter både store og små undervisningsrom, lesesaler, spesialrom for kroppsøving og garderobes, skolekjøkken, sløyd m.m. Det kreves derfor god innsikt i funksjonshemmedes behov (ikkje bare bevegelsehemmede, men også andre funksjonshemmede som døve, blinde og svaksynte, astmatikere og andre) og en nøye planlagt romutforming for at elever med

funksjonshemninger skal kunne delta på lik linje med andre elever i undervisningen. Det bør legges særlig vekt på gode kommunikasjonsveier og at barn har andre fysiske og psykiske forutsetninger enn voksne.

Generelt om dør og inngangsparti

Alle inngangsparti må vera trinnfrie. Repos ved inngangsparti minimum 150 mm x 150 mm. Inngangsdører må ha automatisk døropnar og ha breidde minimum 10 M.

Generelle krav til handikaptalett

INNGANGSDØR Breidde 10 M

SNUPLASS Diameter 1,5 m

SIDEPLASS Minimum 0,9 m på begge sider av wc (1,1 m frå senter wc)

PLASSERING WC Forkant WC minimum 0,85 m frå bakvegg

PLASSERING VASK Minimum 0,9 m mellom vask og wc for passasje til sidevegs forflytning

Heis

Golvareal på heisstolen må vere minimum 1,1 m x 1,4 m (b x d).

Dersom rullestolbrukar skal snu i heis, bør innvendig b x d vere minimum 2,0 m x 1,4 m.

Norges Handikapforbund sitt kvalitetskrav er: Golvflate i heisen 2,1 x 1,6 m (bredde x dybde).

Mat & helse

Ein må velja innreiing med tanke på at rullestolbrukar og kortvaksne kan delta.

Auditorium

Må utformast for at rullestolsbrukarar skal kunna få inkluderande sitteplass i/ved stolrekkjer.

Belysning og skilting inne og ute

Bokstavform og størrelse på skilt må vera eigna for synshemma. God merking og belysning til alle hovudinngangar, handikapparkering og handikaptalett osv.

Fargevalg/kontraster

Ein må velje kontrastfargar mellom golv og vegger. Det same gjeld dører/dørlistar informasjonstavler osv.

Ledelinjer

Kommunikasjonsvegar inne og ute må ha ledelinjer for blinde og svaksynte.

Uteområde

Det må veljast fast dekke som er eigna til å køyra/trilla på. Ein må samtidig variera materialval, eller på annan måte markera føringskantane for synshemma.

Handikapparkering må vera i nærleiken av hovudinngang. Det må tydeleg markerast kva som er gangareal og trafikkert område.

5. Smittevern

- Ved kjøkkenavdelinga må det være eigen kum for handvask og den bør ha armatur som ikkje er handbetjent.
- I tilknytning til vask på HC-stellerom bør det også vere armatur som ikkje er handbetjent.

6. Andre forhold

- Planar for skulekjøkken, kantine og/eller andre rom der det vil bli oppbevart eller tilberedt næringsmidler, må bli oversendt til Mattilsynet for vurdering.

- Belysning

Allmennbelysning skal vere minst 300 lux, men tilpassa arbeidsoppgåver. I rom der det vert utført arbeid med spesielle krav til nøyaktigheit eller farleg arbeid er lysbehovet større. Ekstrabelysning er naudsynt på stader som krev merksemd, til dømes tavle.

- Lydforhold

Verksemda sine lokale og uteområde skal ha tilfredsstillende lydforhold.

- Lydoverføring i bygninger - luftlyd
- Lydoverføring i bygninger - trinnlyd
- Etterklang (gjalling)
- Lydforhold innandørs - tekniske installasjonar

7. Sanitære forhold

- Det må i detaljplanleggingen sikrast tilstrekkelig tal handvasker på hensiktsmessige stader som for eksempel klasserom, formingsrom etc.
- Elevane skal ha tilgang til drikkevatt. Dette kan gjerast ved å sette opp drikkevassfontener eller ved kjøling av tappevatnet.
- Førebygging av legionellasmitte - bygningstekniske installasjonar. Viser til Forebygging av legionellasmitte - en veiledning, kapittel 6 Interne vannfordelingsnett som forsyner dusjer og andre aerosoldannende tappepunkter - utgitt av Folkehelseinstituttet 2008 ([www.fhi](http://www.fhi.no)).

- Toalett

Det må finnast eit tilstrekkeleg tal låsbare, lett tilgjengelege toalett særskilt for personalet og elevane, og særskilt for kvinner/jenter og menn/gutar. I umiddelbar nærleik av toalett skal det finnast vask med hygienisk tilfredsstillande tørkemoglegheit.

Utfrå planteikninga er det for få toalett i forhold til elevtalet ved skulen.

Når det gjeld tal toalett i forhold til tal elevar blir det tilrådd det som minimum å ha:

- for gutar, enten eit vassklosett pr. 30 og ein urinalplass med sjølvspylande armatur per 20-30 gutar, eller eit vassklosett per 20 gutar.
- for jenter, minst eit vassklosett per 20 jenter

8. Internkontroll

Skulen må kunne dokumentere at det vert arbeidd systematisk for å sikra at skulen si drift vert planlagd, utført og vedlikehalde i samsvar med krava i Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., jf § 4 om internkontroll.

- Det må utarbeidast rutinar for kartlegging/overvaking av forholda i skulen sine inne- og uteareal. Kartlegginga bør resultera i ein handlingsplan for oppfølging av eventuelle

ulykkesførebyggjande tiltak, og som viser kva rutinar og utstyr skulen har for handtering av ulykkes- og faresituasjonar, jf § 14.

- Skulen skal ha eit tilfredsstillande inneklima der temperatur og ventilasjon er tilpassa årstidsvariasjonane, jf § 19. Barnehagen må ha eit luftskifte slik at CO₂-innhaldet i lufta blir halde under den rettleiande norma på 1000 ppm. Røyking er ikkje tillete i verksemda sine lokale, jf § 18.
- Det må utarbeidast retningslinjer slik at gode reinhaldsrutinar kan bli ivareteke (reinhaldsplan), jf § 13.

Vedlagt søknadsskjema for helseverngodkjenning må fyllast ut og sendast Kvinnherad kommune ved Miljøretta helsevern snarast.

Reinhaldsplan, handlingsplan for førebygging av ulykker og betring av inneklima må sendast Kvinnherad kommune ved Miljøretta helsevern/Kommuneoverlegen seinast ein månad etter innflytting i skulen.

Vi ber om ei skriftleg tilbakemelding når skulen er ferdig innreia/utforma, slik at vi kan foreta synfaring. Deretter vil eventuell endeleg helseverngodkjenning bli gitt i høve til Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.

Dersom det ved tidspunkt for synfaring viser seg at skulen ikkje er ferdig og det er tilhøve som må rettast eller utbetrast, vil ikkje skulen kunne opne. Kommuneoverlegen vil da forberede avslag på søknad om godkjenning.

Med helsing

Oddvar Larsen
kommuneoverlege

Knut Evjen
ingeniør

Kopi til:
Bjørn Vaage
Stein Elling Schille
Asbjørn Skår